

Februar på Gangar

Tema: Skinnvotten og dyra i skogen

Samenes nasjonaldag

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
	Divisi på Mellomrommet	Eventyrstund ute	1 Rislerasle for dei yngste på Mellomrommet.	2 Kropp og hopp – tur Fredagssong
5 Formingsgruppe	6 Samenes nasjonaldag 	7 Eventyrstund ute	8 Rislerasle for dei yngste på Mellomrommet. Vi smakar på noko	9 Kropp og hopp – tur
12 Formingsgruppe	13 Divisi på Mellomrommet Det er feitetysdag 	14 Eventyrstund ute	15 Rislerasle for dei yngste på Mellomrommet. Vi smakar på noko	16 
19 Formingsgruppe	20 Divisi på Mellomrommet	21 Eventyrstund ute	22 Rislerasle for dei yngste på Mellomrommet. Vi smakar på noko	23 Kropp og hopp – tur Fredagssongen
26 Vi feirar bursdag! 	27 Divisi på Mellomrommet	28	29	

Ein skapande musisk møteplass

Mannen mista votten sin i skogen og vipps vart den fylt med dyr som varma seg saman. Pilemus Silkehår fann votten først. Så kom Friskefrosk Langelår etterfølgt av mange andre dyr. « Kan vi få vere her i votten ilag med dykk?», spør dyra, ein etter ein. Det vert trongt i votten, men det er plass til alle som har lyst. Det blir varmt og godt - det er deilig når vi kan dele varme kvarandre i denne vinterkulda.

Vi har fokus på deling på Gangar: dele leikar og å vente på tur. Eventyret passar godt inn i dette arbeidet. Vi leikar skinnvotten i alle rom: under eit teppe, under eit bord eller ute i det i buskane eller i det lille huset vårt.

Songane vi syng, vert med oss i leiken. Songen i seg sjølv skapar ein fellesskapsfølelse i gruppa. Vi opplever at barna blir samlande når det oppstår song og som skapar glede i gruppa. Reven og rotta og grisen er morosam å dramatisere. Å gå samla på isen, i takt går vi i gruppe medan vi syng. Vi nærmar oss mannen som sit med stav og ventar, er det blanda følelsar i gruppa. Det er litt skummelt med ein krokete mann som skal jage oss som er på isen. Men det er og litt spennande. Latter av glede og lettelse oppstår før barna seier « ein gong till!». Repetisjon er godt for barna, difor ønskjer vi å fortsette med det same temaet i februar. Vi føler oss ikkje ferdig med votten og songane vi har hatt i januar.

I februar er det og Samenes nasjonaldag. Vi vil markere dette og bli meir kjent med samane og deira kultur. Reindrift, flagget, Nordlyset, joik og lavvo er nokre stikkord. Vegen vert til medan vi går og det er alltid spanande å følgje barnas initiativ og interesse: kva ønskjer dei å ha mest fokus på?

16 februar har vi KARNEVAL. Dei som vil kan kle seg ut, male seg på nasa eller berre vere seg sjølv på denne dagen. Vi vil ete fastelavns bollar og kose oss med rytmemusikk. Vi gler oss til å få besøk av Springar sitt karnevalstog.

Songar vi syng i februar:

Lille Mads Vintermus
Ned i jord bak stein og grus
Snøstjerne
Skinnvotten
Reven og rotta og grisen

Karnevalsongen
Er du våt i baken
Eg såg ein bjørn, ein rev, ein hare

Med venleg helsing Jola, Jeanette, Helena, Margot, Anne og Kristin